



Vi gratulerer Thea(f.v.), Sondre, Caroline, Iver André og Ole Alexander(fremst), og Hanna som ikkje var til stades då biletet vart teke..

Vi har tidlegare skrive om at 7. klasse hadde eit prosjekt om temaet UNGE OG RUS. Prosjektet munna ut i at grupper i klassen laga fimar, dikt og song om temaet. Desse vart sendt inn, og no har dei fått ei gledeleg melding om at ein songtekst vert premiert med 1000,-kr, og i tillegg vil den verta publisert på UNGE OG RUS sine nettsider.

Dei 6 på gruppa som har forfatta vinnarproduktet er Caroline Saghaug Kjerpeseth, Thea Soltveit Taranger, Sondre Klyve, Hanna Tvilde, Iver André Sæle Kårstad og Ole Alexander Legland Lange. Songen går på melodien til **FIRE STONE** og teksten lyder slik:

Slutt med dop, slutt med dop.
 Ikkje ver ein idiot.
 Ikkje drikk, alkohol
 kanskje ender du på Gol
 Ikkje snus, ikkje snus
 Prøv deg heller på ei brus
 Det e`ting å finne på
 Ikkje stå der å tru du e` så rå!
 Viss du tek, deg ein øl
 Får du IQ, som ein møll
 Du må tenkja, før du drikk
 ellers møter du stygge blick
 ver litt lur, ta ein tur
 sei di meining, ikkje ver sur
 ha litt mot, ver litt smart
 ikkje ver så desperat`

Det er glede i heile klassen over premieringa av dei 6 poetane. Premiesummen på 1000,-kr går til klassekassen. Klassekassen er nok stadig veksande for tida, for etter det eg forstår går elevbedriftene i klassen som vi har omtala nyleg, godt. Nokre av dei har det svært travelt!

No ser elevane fram til at noko av pengane vert brukt til klassetur til Bergen. Kontaktlærer Åse Neset fortel at då skal dei ha ein innhaldsrik og kjekk dag. Dei skal besøkje Universitetet og Uskedalsprofessoren Reidar Myklebust. Av erfaring veit dei at det vert vellukka. Besøket hos TV2 vert nok også spennande. Innimellom besøka skal dei på Ulrikken.

- Vi satsar på lunsj på Ulrikken. Det blir selvfølgelig fint ver når vi kjem til Bergen, uttalar kontaktlærer Åse.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.